

Klage på sak 13/6406-4, avslag på støtte til bygging av hurtigladdestasjoner på Jølstraholmen.

Best Jølstraholmen er ein bensinstasjon som ligg like ved E39 og det er ein stor drivstoff stasjon. I 2012 omsatte bensinstasjonen for vel 36 millionar og størsteparten av denne omsetninga var frå drivstoff. På Jølstraholmen senter ligg det også ein campingplass, ein butikk og ein kafe. I gåavstand frå senteret finn ein Sunnfjord Golfklubb og Jølster skisenter.

Etter møte med ladestasjon utbygger Proxil, ønskjer vi å klage på avslaget på vår søknad om å få bygge ladestasjon på Jølstraholmen, som ligg på nedre Vassenden i Sunnfjord. Nedre Vassenden er den tettstaden i Sunnfjord som er i størst vekst, det er den plassen nord for Førde, som har flest pendlarar til Førde. Jølstraholmen har den beste lokasjonen i forhold til å "treffe" flest mulig av lokalbefolkningen som er pendlarar på veg til og frå jobb. Jølstraholmen ligg like ved dei største byggefeltet, Hjellbrekkfeltet og Langhaugane, og på vegen for dei som kjem frå øvre Vassenden, Bøafeltet, Årsethbakkane og Skei.

Proxil som har vore utbygger for Statoil sine ladestasjonar og er ein av dei største og eldste ladestasjonbygge firmaene i Noreg, kan informere om at dei fleste som eig ein elbil og har dette som sin nr.2 bil, brukar heller hurtigladdestasjonane til å lade bilane sine enn å lade dei heime. Dette er pga at på ein hurtigladdestasjon kan ein fullade bilen sin på 20-30 minutt, mens heime der ein berre har 10A, brukar ein 12-15 timar på å fullade ein Nissan leaf. Tesla brukar opp mot 40 timar og dersom det er kaldt ute, brukar ein endå lengre tid. 95% av bil bruken til den vanlege nordmann er til og frå jobb, på butikken, hente på skule eller i barnehage, så kjøre på ein aktivitet på ettermiddag/kveld. Ved slik bruk kan ein ikkje belage seg på å lade elbilen heime, då det vil ta for lang tid til å få den fullada til ein skal bruke den på nytt, ein er derfor heilt avhengig av å få lada bilen hurtig. Dersom ein bygger ut ladestasjon på Jølstraholmen vil alle dei som er busett på Vassenden, nedre og øvre, kunne ha ein elbil som sin nr.2 bil. Med det dårlege kollektivtrafikk tilbudet som er i Sunnfjord, vil dette kunne gje eit vesentleg/betydeleg klimaløft for Sunnfjord. På dette grunnlaget meiner vi ein må bygge ladestasjonar **også** på Jølstraholmen. På Jølstraholmen er det også eit godt utbygd service tilbod, både for dei som er på farten gjennom fylket på E39 og til dei lokale, det er kafe, bensinstasjon, butikk og ein campingplass på plassen.

Med dette belyst, ønskjer vi at Fylkeskommunen tek ei ny vurdering av søknaden om midlar til utbygging av hurtigladdestasjonar på Jølstraholmen.

Best Jølstraholmen AS
Kristine Hjelmbrække

